

NOTAT

Salhus, 22.06.2023

Det gamle posthuset på Vikebø

Torsdag 15.06.2023 var Kulturverntenesta på synfaring til det gamle posthuset på gnr 354, bnr 101 på Vikebø i Alver kommune. Bakgrunnen for synfaringa var at Kulturavdelinga i kommunen ville ha ei vurdering av huset då der føreligg ein søknad om riving. Huset ligg i omsynssone/bevaring kulturmiljø i kommuneplan for Meland 2015-2026.

Med på synfaringa var Jørn Fanavoll som representerte eigar, Salmar, Bente Kopperdal Hervik frå kulturavdelinga i Alver kommune og Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland.

I følge «Post – stempelhistorie for Nordhordland» vart posthuset sett opp i 1896 og fungerte som postkontor for Rossland fram til 1963 då det vart sett opp eint nytt postkontor på Rossland.

Huset, som er 5,8m langt og 4,0m breidt står på ein lav grunnmur som er dels i betong dels i naturstein. Berande konstruksjon er bindingsverk. Taket, som er saltak med sperrekonstruksjon, er tekt med bølgeblekk og veggane er kledde med liggande dobbelfalsa kledning. Innvendig er veggjar og himling kledd med faspanel. Det er ikkje nokon form for isolasjon i huset.

Det er teglpipe i huset, men omnen er fjerna. Både ytterdør og innerdør er eldre fyllingsdører, men det er spikra plate på ytterdøra. Det er to vindu vindu mot sør og eit i vestgavlen. Alle er tofags, sidehengsla vindu med seks ruter i kvar. Alle vindu er knuste og spikra plate framfor.

Det er ei lekkasje langs pipa som har ført til noko råteskade i himling, langs nordvegg og i golv kring pipa.

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

kulturverntenesta@muho.no
941 72 250

Org. nr. 971 349 743

muho.no

M U KULTURVERNTENESTA H O I NORDHORDLAND

Å sette i stand huset vil vere ei relativt overkomeleg oppgåve. Lekasjen i taket må tettast og taket må smørjast og takrennene må settast i stand. All kledning som er god nok skrapast vaskast og malast. Råteskadd bord (særleg i vestveggen) bytast ut. Her kan det vere behov for å forsterke eller byte ut noko av stenderverket og. Alle vindauge let seg seg sette i stand, men må takast ut og reparerast på oppvarma verkstad. Innvendig faspanel i vegg og himling som er råteskadd, bytast. Resten vaskast og malast. Dørene må og inn på oppvarma verkstad for istandsetting. Pipa må pussast og få nytt innvendig rør før den eventuelt kan godkjennast til bruk.

